


Stad skipstunnel

Eit nasjonalt **samferdsleprosjekt**
og ny **verdiskaping**





Innhald

Introduksjon	3
Næringsområdene	4
Lesto næringsområde	5
Kjøde næringsområde	6
Portal Moldefjord–Kjøde	7
Moldestad næringsområde	8
Stad Molo næringsområde	9
Kontakt	10



Stad kommune
Rådhusvegen 11
6770 Nordfjordeid
post@stad.kommune.no
+47 57 88 58 00

Dato: 08.2024

Illustrasjonar
Stad skipstunnel: Multiconsult,
Link Arkitektur, MIR, Kystverket.
Lesto, Kjøde, Moldefjord:
Multiconsult.
Moldestad: Nordplan.
Stad Molo: 3D Nordwest.




Stad skipstunnel

Frå djupvassdeponi til berekraftig massebruk og ny infrastruktur


Kystverket skal i løpet av hausten 2024 lyse ut anbuds-konkurransen for Stad skipstunnel, og bygginga av verdas første skipstunnel kan etter planen starte opp i 2025.

Bakgrunnen for prosjektet Stad skipstunnel er dei spesielle seglingsforholda rundt Stad. Som eit av dei mest vêrutsette og krevjande farvatna langs norske-kysten, er Stadhavet ei barriere for skips- trafikken i området. Under dårlege vêrforhold brukar fartøy fleire gongar så lang tid på å passere Stad som under gode vêrforhold. Ulukkesrisikoen er høgare enn på andre kyststrekningar, i tillegg til at stor sjøgang ofte gir skader på utstyr og last (jf. Planomtalen).

Målet med prosjektet er å sikre en tryggere seilas, og bedre regularitet for skipstrafikken forbi Stad. Prosjektet skal optimaliseres for best mulig ressurs- utnyttelse og mest mulig nytte, og eit sentralt spørsmål i dette arbeidet er korleis ein kan handtere overskotsmassene.



Stadhalvøya ligg i Vestland fylkeskommune, på grensa mot Møre og Romsdal. Tunnelen skal byggast der halvøya er på det smalaste, mellom Moldefjorden og Kjøddepollen i Vanylvsfjorden. Kjelde: Kystverket.



Prospektet tek føre seg 5 næringsområder som vist på kartet over.
Kjelde: 2024 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti, Mapbox, OpenStreetMap.

Næringsareal

Ringverknadar og moglegheiter

Overskotsmassane frå Stad skips-tunnel er ein ikkje-fornybar ressurs av stor verdi, som no vert nytta fullt ut i tråd med ressurspyramiden og prinsippa om sirkulær økonomi.

Noreg får gjennom Stad skipstunnel ei ny skipslei, og overskotsmassane frå skipstunnelen gjer det mogleg å byggje opp ein ny infrastruktur for all type sjøtransport, grøn næringsverksemd og eit reisemål i verdsklasse.






Lesto næringsområde

Detaljregulering for Lesto næringsområde skal legge til rette for utvikling av næringsområde med sjøtilkomst og djupvasskai, langs fv. 618 mellom Lestovika og Eide med bruk av massar som blir teke ut ved bygging av Stad skipstunnel. Detaljreguleringa skal òg legge til rette for mellombels rigg- og deponiområde for bygging av Stad skipstunnel. Samstundes blir det regulert område for småbåthamn og fiskerihamn i Lestovika.

Storleik næringsareal:
ca 40 000 m²








Kjøde næringsområde

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for næringsaktivitet og tilhørende tilkomstveg og kaianlegg. Detaljregulering for Kjøde næringsområde skal legge til rette for utvikling av næringsområde ovanfor fylkesveg 620, samt sjøtilkomst og djupvasskai nedanfor fylkesvegen, med bruk av massar som blir teke ut ved bygging av Stad skipstunnel. Detaljreguleringa skal òg legge til rette for mellombels rigg [1] og deponiområde for bygging av Stad skipstunnel.

Storleik næringsareal:
ca 60 000 m²







Portalområde Moldefjord-Kjøde

Moldefjorden nord er planlagt som eit destinasjonsområde med utvikling av kontor, hotell, fritid- og turistføremål, naust, småbåthamn og hurtigbåtanløp. Søre del opnar for næring slik som i nord, men i mindre utstrekning. Deler av fyllingane ligg innanfor omsynssone for ras- og skredfare (H310). Dette gjev avgrensingar i høve til tillate tal på personar i bygg og plassering av bygg utan ekstra sikringstiltak.

Storleik næringsareal:
ca 30 000 m²



Portalområde, Moldefjorden







Portalområde, Kjøde



Moldestad næringsområde

Planområdet er lokalisert på Moldestad i Moldefjorden, der Pelagia AS har eit fiskeindustriaregg. Stad kommune planlegg eit nytt næringsområde vest for Pelagia AS sitt område og Pelagia AS er tiltakshavar for utviding av næringsområde i aust. Hovudmålet med planen er regulering av djupvasskai for containerskip og nye næringsareal knytt til marine næringar.

Storleik næringsareal:
ca 30 000 m²




Stad Molo næringsområde

Føremålet med planarbeidet er å etablere molo/bølgebrytar for ei tryggare indre hamn ved Leikanger. Hamna er i dag utsett for krefter som gjer det vanskeleg å nytte fjøra som båt plass gjennom heile året.

Ved moloarm vest vil ein etablere fiskerihamn. Det er eit stort behov for næringsareal knytt til sjø, og det blir planlagt for utviding av eksisterande næringsarealet. Ved utbygginga vil ein òg legge til rette for offentleg transport via sjø og legge til rette for turisme og næring tilknytt sjøen og Stadtlandet.

Konseptet består av følgende elementer:

- Næringsareal for marin produksjon – eksisterande og med mulighet for ny havbruksnæring
- Fiskerihavn – havn for større fiskefartøy
- Serviceanlegg for fiskeri og marine operasjoner
- Tilkomst og havn for turisme – opplevelse og strandsone
- Inn og utskipping handel
- Stoppested sjøveis kollektivtrafikk – trygg havn – nødhavn.
- Glamping – camping og bobil turisme
- Småbåthavn og gjestehavn m/ bunkers
- Tilknytning til Stad Næringspark med et stort antall bedrifter og vekstkriftige næringer





Kontakt

Ønsker du meir informasjon, ta gjerne kontakt for å få tilsendt materiell eller for å avtale eit møte.

Svein Otto Melheim

Tlf. 911 38 974

svein.otto.melheim@stad.kommune.no

Arild Vonheim

Tlf. 904 09 929

arild.vonheim@stad.kommune.no

Stad kommune

Rådhusvegen 11

6770 Nordfjordeid

post@stad.kommune.no

+47 57 88 58 00